

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte revisjonsplan og risiko- og vesentlegvurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risiko- og vesentlegvurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.
2. Utvalet ber om at interimsrevisjonsrapport 2021 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 29.11.2021 med frist for levering til sekretariatet 08.11.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale for resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapa for 2021 skal behandlast, normalt i mai-møtet i 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.